



## Statens vegvesen

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT

(NVE)

Postboks 5091 Majorstua

0301 OSLO

Behandlende eining:  
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:  
Sivert Faye / 47299448

Vår referanse:  
22/228604-19

Dykkar referanse:  
202402331-12 /  
202217394-68

Vår dato:  
14.11.2024

### **Uttale til høyring av detaljplan og søknad om ekspropriasjon og førehandstiltreding for nye Kvåle transformatorstasjon – Sogndal kommune**

Viser til høyringsbrev datert 24.10.2024.

#### **Saka gjeld**

Høyringa gjeld detaljplan, søknad om ekspropriasjon og førehandstiltreding for ny Kvåle transformatorstasjon. I denne saka uttalar vi oss som forvaltningsmyndighet for riksveg 5.

#### **Vår uttale**

Vi viser til våre tidlegare uttalar i saka.

Vi har gitt mellombels løyve til avkørsle frå rv. 5 for byggeperioden, slik som vist i situasjonsplanen som ligg ved høyringa. Det har vore mykje dialog om tilkomst til det nye anlegget, og utfordringar knytt til permanent tilkomst som ikkje er avgjort. I detaljplanen for anlegget skriv Sygnir at Sogndal kommune må sikre tilstrekkeleg beredskapsveg viss eksisterande tilkomst blir stengt. Dette forholdet bør bli nærmare vurdert før behandling av detaljplanen. Vi har lagt til grunn at det finns ein alternativ tilkomst via fylkesveg 5614, Avsølevegen og kv. 18 over Kvåle bru.

Detaljreguleringsplan for Kvåle barnehage er under arbeid. Planområdet ligg på nordsida av rv. 5, og tilkomst barnehagen er planlagt via krysset med Kvålevegen, ca. 50 meter vest for eksisterande kryss til Kvåle transformatorstasjon. I detaljreguleringsplanen for ny barnehage har vi stilt krav om utbetring av krysset på nordsida av riksvegen. Dette kjem i konflikt med eksisterande kryss til transformatorstasjonen. For å realisere nytt kryss til nordsida av rv. 5 må eksisterande kryss til Kvåle transformatorstasjon bli stengt.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Transport og samfunn  
Postboks 1010 Nordre Ål  
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Askedalen 4  
6863 LEIKANGER

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Fakturamottak DFØ  
Postboks 4710 Torgarden  
7468 Trondheim

I gjeldande områdeplan for Campus Sogndal frå 2019 er det regulert eit areal på ca. 21 daa til offentleg eller privat tenesteyting. Viss dette området på sikt skal bli utbygd og ha tilkomst frå rv. 5, vil det truleg vere behov for utbetring av krysset med Kvålevegen, uavhengig av detaljreguleringsplanen for ny barnehage på Kvåle. Vi meiner derfor at Sygnir og NVE må legge til grunn at eksisterande kryss mellom rv. 5 og kv. 18 kan bli stengt på sikt, og at tilkomst til stasjonen da blir via fv. 5614, Avsølevegen og kv. 18. Viss Sygnir meiner denne tilkomsten ikkje er akseptabel, må det bli vurdert andre tilkomstløysingar. Vi ønsker ikkje ei ny permanent avkørsle frå rv. 5.

Vi minner og om at den mellombelse avkørsla skal vere ferdig opparbeidd og godkjent før det kan bli sett i gang andre byggearbeid på tomta for ny transformatorstasjon.

Vi minner om at tiltaket krev dispensasjon frå byggegrense etter veglova § 30, og at dette må søkast om.

Det er planlagt kryssing av riksvegen med luftleidning. Vi minner om at det også må bli søkt om graveløyve for dette tiltaket.

### **Oppsummert**

Vi meiner tilkomst til ny transformatorstasjon framleis ikkje er godt nok avklara, og ber om at NVE tek stilling til om saka er godt nok opplyst før detaljplan blir behandla. Viss Sygnir meiner tilkomsten via fv. 5614 Avsølevegen ikkje er akseptabel, må det bli vurdert andre tilkomstløysingar.

Transport vest – transportforvaltning 1

Med helsing

Torun Emma Torheim

Seksjonsleiar

Sivert Faye

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi

SOGNDAL KOMMUNE, Postboks 153, 6856 SOGNDAL

STATSFORVALTAREN I VESTLAND, Njøsavegen 2, 6863 LEIKANGER

SYGNIR AS, Røysavegen 1, 6893 VIK I SOGN

VESTLAND FYLKESKommUNE, Postboks 7900, 5020 BERGEN